

Dugnad for byggjesteg 2

23.10.2015



Alf og Sella er igang med dugnadsjobb som alltid før

Eldsjelene som gjer ein innsats for GULL-AV-GRUS, er i travel aktivitet, og der er det ingen aldersgrense, I dag observerte vi Alf og Sella Hjørnevåg igang med avskoginga i skråningen mellom Geilo og den nye kunstgrasbana etter at Johannes Hjørnevåg og Harald Sunde har vore i aksjon med motorsaga tidlegare i veka. No kjem turen til byggjesteg 2 som er opparbeidinga av turstiar medan tredje steget er klatreparken.

Steg nummer 4 er BMX sykkel- og skatepark og steg 5 sandvolleybane og bocciabane
Når prosjektet er gjennomført, er det truleg satsa over 5 millionar på uskedalingane si form og velvere.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Dette vert eit spennande aktivitetsområde